



Helene Strøm

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2348 - 17/14799

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

23.05.2017

Svar på e-post vedkomande ferdsel langs Kleivdalsvegen

Teknisk drift visar til Dykkar epost av 15. mai om ferdsel langs Kleivdalsvegen og etablering av grusveg langs vegen.

Når det gjeld dei mjuke trafikantane sin ferdsel langs vegen er vi klar over utfordringane. Viss vi ser bort frå søndre del av Kleivdalsvegen, der det er 30 fartsgrense, har resten av Kleivdalsvegen i teorien 80 km fartsgrense. Kommunen har søkt Statens vegvesen om nedsett fartsgrense i området nord for Sjauset og forbi hestehenging, men har fått avslag grunna at dette er «grisgrendt strøk». Det einaste tiltaket vi kan gjere er å varsle med skilt.

Diverre kan vi ikkje etablere grusveg langs Kleivdalsvegen. Kommunen har avgrensa midlar til vegrelaterte prosjekt og må prioritere å nytte desse midlane på vegprosjekt som er del av godkjente planar. Vi stiller oss og litt skeptisk til å blande turveg for gåande med treningsveg for hestane dykkar.

Teknisk drift noterer likevel ønske om grusveg og tar dette med som forslag i neste rullering av kommunen sin trafiksikkerhetsplan.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarakar:

Helene Strøm

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



